



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
106/2014	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	
Sakshandsamar:	Teknisk forvaltning	Kjersti Flatråker
Arkivnr.:	14/1090	Dokumentnr.: 14/4674

Delingssak gbnr 17/1 Rossnes - deling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjeve samtykke til deling for omsøkt areal på gnr 17 bnr 1 på følgjande vilkår:

1. Erklæring om vegrett (andre rettar/plikter) må leggjast fram for kommunen for tinglysning. Dette slik at erklæring kan tinglysast samstundes som den nye grunneigedomen vert oppretta i grunnboka.
2. vatn
3. avløp.
4. Reguleringsplanen, arealdel og føresegner, vert følgt.


Grunngjeving av vedtaket er at søknaden er i tråd med gjeldande reguleringsplan for området.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslovas §§ 20-1 m, jf 12-4.

Saksopplysningar:

Det vert søkt om deling av grunneigedom gnr 17 bnr 1 i Radøy kommune. I kommuneplanen er omsøkt areal definert til byggjeområde for fritidsbustader. Føremålet med delinga er i tråd med overordna plan for området. Omsøkt areal er del av reguleringsplan for Rossnes godkjent av kommunestyret i møte 28.04.1982 og er regulert til fritidsbustader. Arealet som skal delast i frå er parsell 4 på ca 1.000 m².

Søknaden skal handsamast etter plan- og bygningslova "Kapittel 20 . Søknadsplikt".



Naboane er varsla slik lova krev, men det er ikkje komme merknader til omsøkte tiltak.

Vurdering

Plankonsulenten vil etter delegasjonsreglementet gje samtykke til omsøkt deling med vilkår om at ein har tilkomst til tomta, tinglyst rett til bruk av veg og at ein koplår eigedomen til nytt anlegg for vatn og avløp.

Kommunen set og som vilkår at reguleringsplanen, arealdel og føresegner, vert følgt.

Søknadspliktige tiltak på eigedomen kan berre skje etter godkjent søknad til kommunen.

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Konklusjon

Søknaden er i tråd med reguleringsplan og det vert gjeve løyve til deling av parsell 4 i Rossneset.